



S/Y Petrell

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/842 - 19/2444

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

23.01.2019

## Svar vedk. avklaringer til Strandvegen 67 - gbnr 188/135

Vegavdelinga i Lindås kommune var på synfaring (07.06.18) saman med eigar av gbnr 188/135 for å vurdere eit avslag om utvida bruk av avkøyrsla. Ulike løysingar vart diskutert på staden og vegavdelinga gav ei tilbakemelding (14.06.2018) som svar på klage på avslaget. Vegavdelinga mottok 15.11.18 eit brev med avklarande spørsmål vedkomande ekstra bueining i Strandvegen 67 som vert svara på i dette brevet.

Vil gjere deg merksam på at når det gjeld etablering av parkering med snuplass er dette eit søknadspliktig tiltak og må søkjast om via byggesaksavdelinga.

Det vart etter synfaring sett krav om at for å få utvida bruk av avkøyrsla, måtte det vere plass til parkering samt snuareal for 4 bilar på eigedomen. I tillegg vart det sett krav til at mur i siktsone ned mot nausta ikkje kunne vere høgare enn 0,5m. Det vart og sett krav til sikt oppover den kommunale vegen. Slik sikt kan oppnås ved å bytte ut tett plankegjerd med for eksempel flettverksgjerde på topp mur. Dette kravet om sikt er absolutt. Alternative tiltak for sikt vil ikkje bli godkjent.

Ny søknad om utvida bruk av avkøyrsla kan sendast inn dersom det kan visast til at siktkrava er oppfylt.

Det vert lagt ved nokre bilete som syner at det der avkøyrsla til 188/135 ligg i dag opprinneleg var snuhammar for den kommunale vegen. Her skulle lastebil/tømmebil kunne snu ved tilkomst til VA-anlegget. Bileta syner og korleis tilkomst til bustadane opprinneleg var.

Når det kjem til mur over VA-anlegget er dette ein problemstilling som må svarast ut av byggesak og VA-avdelingane. Brevet ditt er oversendt begge avdelingar og du vil motta eit eige svar frå dei.

Dei andre punkta du tek opp ser ikkje vegavdelinga på som relevant for denne konkrete saka.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Vedlegg:**

Bilete frå eigedommen

**Kopi til:**

Byggesaksavdelinga - Lindås  
kommune

Vatn og avlaup - Lindås kommune

**Mottakarar:**

S/Y Petrell